

21 AUG 2017

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår referanse: 2573641-2-188854  
Utsendelse: 2017-362  
Vår dato: 16.08.2017

## Melding om nye nettiltak på Haugalandet. Høring av melding.

Statnett SF har meldt til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) nye tiltak i sentralnettet.

NVE har bede Statnett å sende ut informasjon om høring av meldingane, og informasjonsbrev frå NVE om høringa ligg ved.

Haugaland Kraft Nett har og ei melding om ei ny leidning i same område, som blir handsama saman med Statnett si melding. Diverre vil nokre få to brev om desse sakene, men vi håpar det ikkje skapar problem-

I tillegg til at du kan finna meldinga på NVE sine nettsidar, kan du og finne den på Statnett sine nettsidar; [www.statnett.no/nettutvikling](http://www.statnett.no/nettutvikling).

Vi ynskjer å nå bredt ut, men vi trur likevel nokon kan falle utanfor, og bed dykk difor gjerne spreie informasjonen.

Med vennlig hilsen

Bente Rudberg  
Prosjektleder



Grunneiere/rettighetshavere

Vår dato:

Vår ref.: 201705405-5

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar

Solveig Willgohs

22959245/sowi@nve.no

## Meldingar om nye netttiltak på Haugalandet. Høyring av meldingar og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding både frå Statnett SF og frå Haugaland Kraft Nett AS om nye tiltak i sentral- og regionalnettet på Haugalandet. Statnett melder ein ny 420 kV leidning frå høvesvis Blåfalli eller Sauda til Håvik (Gismarvik). Melde trasear ligg i Kvinnherad, Sauda, Etne, Vindafjord, Tysvær og Karmøy kommunar i Hordaland og Rogaland fylker. Statnett melder òg ein ny 420/132 kV transformatorstasjon anten i Gismarvik eller på Håvik. Haugaland Kraftnett melder ein ny 132 kV leidning frå Ølen transformatorstasjon via Våg transformatorstasjon til Bratthammar i Vindafjord og Tysvær kommunar i Rogaland fylke.

Dei melde prosjekta heng saman og NVE gjennomfører ei felles offentleg høyring av dei to meldingane.

Statnett beskriv i si melding følgjande alternativ for 420 kV-leidningen og plassering av transformatorstasjon:

- Ny kraftleidning frå Blåfalli–Gismarvik/Håvik frå Matre i Kvinnherad, rett sørøver mot Litledalen og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 80-90 km.
- Ny kraftleidning Sauda–Gismarvik/Håvik, vestover med alternativ nordvest opp mot Litledalen, og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 75-90 km.
- Ein ny transformatorstasjon nær Håvik inne på Hydro Aluminiums område.
- Ein ny transformatorstasjon på Gismarvik inne på området til Haugaland Næringspark.

Haugland Kraft Nett melder to alternative trasear for den nye 132 kV-leidningen:

- Ny dobbelkurs kraftleidning mellom Ølen via Våg mot Spanne i same trasé som eksisterande 66 kV leidning. Lengd om lag 35,7 km.
- Ny dobbelkurs kraftleidning mellom Ølen og Våg i stort sett same trasé som eksisterande leidning, men med nokon avvik i traseen med større avstand til bygningar og ny E134. På delar av traseen går leidninga nærare eitt av Statnett sine melde alternativ. Lengd er om lag 26,8 km. På strekninga Våg–Spanne går leidninga hovudsakleg i same trasé som eksisterande leidning. Lengd er om lag 10 km.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Statnett og Haugaland Kraft Nett har utarbeida meldingane med forslag til utgreiingsprogram i medhald av reglane i plan- og bygningslova med forskrifter. Målet med meldingane er å gje ei tidleg varslings av tiltaket. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad for anlegga vert utarbeida.

NVE vil halde fleire offentlege folkemøte om handsaminga av meldingane i dei rørde kommunane. Tiltakshaverane vil delta på møta og orientere om planane. Møta vert halde følgjande tid og stadar:

- Felles møte med Statnett og Haugaland Kraft Nett for kommunane **Karmøy, Haugesund, Tysvær og Vindafjord, måndag 4. september 2017 kl. 19.00**. Møtet finn stad på Tysværtunet på Aksdal.
- Møte med berre Statnett for **Sauda kommune, tysdag 5. september 2017 kl. 19.00**. Møtet finn stad i kinosalen på Sauda kommunale kino i Sauda.
- Møte med berre Statnett for **Etne og Kvinnherad kommunar, onsdag 6. september 2017 kl. 19.30**. Møtet finn stad på Skånevik Fjordhotell i Skånevik.

Møta er opne for alle.

Meldingane med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner til meldinga må sendast NVE **innan 29. september 2017**.

Sakshandsamer hjå NVE for meldinga frå Haugaland Kraft Nett er Lars Hagvaag Seim, e-post [lhs@nve.no](mailto:lhs@nve.no), telefon 22 95 98 74.

Sakshandsamar hjå NVE for meldinga frå Statnett er Solveig Willgohs, e-post [sowi@nve.no](mailto:sowi@nve.no), telefon 22 95 92 45.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

Solveig Willgohs  
rådgjevar

*Godkjenningstekst blir sett inn automatisk ved ekspedering*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

Region Øst  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR